

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 04.12.2018

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 1:

Fylkestinget syner til målsetting om satsing på produksjon og bruk av fornybar energi som Biogass og vil styrkja statsinga på dette området i handlingsprogrammet»

«Nytt punkt 2:

Fylkestinget ser det som svært viktig at Vestland fylkeskommune utarbeider ein strategi for bioøkonomi og sirkulærøkonomi».

«Endring punkt 5:

Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2019 med dei framlagte endringane»

Fylkesrådmann sitt punkt 2 og 3 vert punkt 3 og 4.

Røysting

Håland sitt forslag 1 og 2 fekk 8 røyster (A, Sp, KrF og V) og vart vedteken som innstilling til fylkesutvalet. mot 5 røyster (H og Frp).

Fylkesrådmann si innstilling 2 og 3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag 5 fekk 8 røyster (A, SP, KrF og V) og vart vedteken som innstilling til fylkesutvalet. mot 5 røyster (H og Frp) for fylkesrådmann sitt forslag 1.

Innstilling

1. Fylkestinget syner til målsetting om satsing på produksjon og bruk av fornybar energi som Biogass og vil styrkja statsinga på dette området i handlingsprogrammet.
2. Fylkestinget ser det som svært viktig at Vestland fylkeskommune utarbeider ein strategi for bioøkonomi og sirkulærøkonomi.
3. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2019 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2019. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
4. Særleg fokus i 2019 vil vere arbeid for eit felles miljøstyringssystem med Sogn og Fjordane fylkeskommune.
5. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2019 med dei framlagte endringane.